

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

**Synnøve Solbakken (A)** sette på vegner av A, Sp og SV fram slikt forslag:

Alternativ til punkt 2:

Fylkesutvalet ser dei store utfordringane med å finansiere oppgradering av tunnelane. Staten har ansvar for Tunellsikkerhetsforskrifta og må ta ansvar for finansieringa fullt ut.»

### Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Solbakken sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 8 røyster mot 6 røyster (H, Frp, MDG) for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tar rapportering av utbetring etter Tunellsikkerhetsforskriften til orientering og fylkesrådmannen kjem attende til oppdatert framdrifts- og finansieringsplan for tunneloppgradering.
2. Fylkesutvalet ser dei store utfordringane med å finansiere oppgradering av tunnelane. Staten har ansvar for Tunellsikkerhetsforskrifta og må ta ansvar for finansieringa fullt ut